

Nærings- og fiskeridepartementet

Postboks 8090 Dep.
0032 OSLO

Søknadsgebyr - akvakulturforvaltning

Siden byrjinga på 1990-talet har aktørar innan akvakulturnæringa betalt gebyr for å få handsama søknadar om nye lokalitetar, utvidingar av produksjonskapasitet o.l., det såkalla søknadsgebyret. Inntektene frå eit minimumsgebyr på kr 12 000,- pr. søknad vert overført til statskassa.

Frem til 2010 var det Fiskeridirektoratet som hadde tildelingsmynde i akvakultursaker. Det var då rimelig at søknadsgebyret, eller det som først vart kalla sakshandsamingsgebyret, vart kravd inn av desse. Ikke minst fordi gebyrinntektene opprinnelig skulle gå til styrking av kapasiteten for sakshandsaminga i fiskeriforvaltninga.

No, også etter at tildelingsmyndet i akvakultursaker er overført til fylkeskommunane, går inntektene frå søknadsgebyra framleis til staten.

Dei statlege overføringane av næringsretta midlar til fylkeskommunane har vorte sterkt redusert frå 2013 til 2014. Samtidig er det ikkje noko som tydar på reduksjon i tilfanget av akvakultursaker. Dette er ei næring vi framleis både ynskjer og trur vil ha ei vidare vekst.

Det må vere rimeleg å oppmode om at inntektene frå søknadsgebyra går til styrking av det organet, fylkeskommunane, som har lovpålagte oppgåver i høve til akvakulturforvaltninga og som i tillegg skal legge til rette for næringsutvikling m.a. innan marin sektor.

Vi vil med dette be departementet om å syte for at gebyrinntektene frå søknadar om løyve til akvakultur i framtida går til dei aktuelle fylkeskommunane.

Med helsing

Åshild Kjelsnes
fylkesordførar

Lena Merete Söderholm
fagkoordinator havbruk/fiskeri

Kopi til: Hovudutval for plan og næring